



Volda Fotball
vfi-fotball.no

Volda Turn- og Idrettslag Fotball
Pb 135, 6101 Volda
Stadionvegen 7, 6100 Volda
Org nr 981951921
Bankkonto: 3910.44.15435
www.vti-fotball.no
styret@vti-fotball.no

ÅRSMELDING HOVUDSTYRET VTI FOTBALL 2012

Organisasjon

VTI fotball vert først og fremst drive på dugnad ved frivillig innsats. Dei aldersbestemte laga er i hovudsak sjølvdrivne med eige styre og økonomi. Dei har eigne årsmøte med årsmeldingar, rekneskap og budsjett.

Klubben har i 2012 nesten 3 millionar i omsetnad (aldersbestemte lag sin omsetnad kjem utanom), og ein har hatt arbeidsgjevaransvar for 11 deltidstilsette. Frå 1. august har vi hatt dagleg leiar på full tid.

Styret har i 2012 vore samansett slik:

Styreleiar:	Vibeke Vigestad Berge
Nestleiar og økonomileiar:	Lars Ove Hammer
Sportsleg leiar:	Tore Sørheim
Styremedlemmer:	Ola Bjørneset Torstein Woldsund Gard Glomnes Silje Strømme
1. varamedlem:	Njål Sætre
2. varamedlem:	John Ove Høydal
3. varamedlem:	Irene Humborstad
4. varamedlem:	Johann Roppen

I 2012 har styret hatt 13 møte og handsama ca 80 ordinære saker. I tillegg kjem orienteringssaker og ei rekkje møte der leiar og andre har representert styret i interne og eksterne saker.

Styret anbefaler neste års styre å få opplæring i 123klubb sine internsider slik at ein kan bruke desse som verktøy for handtering av intern informasjon som til dømes saklister, referat og andre dokument.

Styret har publisert nyhende i einskildsaker på vti-fotball.no, men ikkje lagt ut referat frå styremøta på nettsidene. Informasjonsarbeidet kan bli enda betre. Spesielt ser vi at det er viktig å oppdatere aktivitetskalenderen/årsplanen.

VTI Fotballs generalsponsor:



Bli kunde i Sparebanken Møre



Økonomisk oversyn - hovudtal

VTI fotball har i 2012 fått eit underskot på kr 82 159,-. Dette er første gong sidan 2008 at laget går med underskot. Dei samla driftsinntektene var på vel 3 millionar i 2012, som er litt over seks hundre tusen høgare enn i 2011.

Ein har ikkje klart å få den auken i sponsorinntekter som ein hadde håpa i 2012. I tillegg vart ein del av sponsorpengane brukt til kjøp av VTI-effektar/klede, noko som har gjer at ein har verdiar bunde opp i varelager, og dette har skapt mindre inntekter enn planlagt, og dette er soleis med på å gi eit svekka resultat.

Dagleg leiar har brukt mykje ressursar sidan ho starta i VTI med å fornye sponsorkontraktar som var gått ut då dagleg leiar tok til å jobbe for VTI i mars. Ved å tilsetje dagleg leiar visste ein at det kunne verte eit krevjande år økonomisk, og ein har altså ikkje klart å auke sponsorinntektene nok til å få eit positivt resultat.

Styret trur at budsjettet for 2013 er eit realistisk budsjett og at ein ved auka inntekter og med større kontroll med kostnadar vil få eit positivt resultat i 2013.

	2008	2009	2010	2011	2012
Driftsinntekter	1,80	2,10	2,50	2,40	2,90
Driftsresultat	0,40	0,40	0,30	0,20	-0,02
Årsresultat	0,20	0,20	0,10	0,10	-0,14
Gjeld	3,10	2,75	3,10	2,75	2,42
Alle tal i mill. kroner					

Inntekter frå Tine fotballskule og dei store cupane Rema 1000 Volda Cup og Bendit Cup er viktig for totaløkonomien i laget og er resultatet av stor dugnadsånd og innsatsvilje frå medlemmene. VTI arbeider no med ein erstattar for Rema 1000, slik at ein også i åra framover får nyte godt av disse inntektene.

Klubben har framleis lån etter kunstgrasutbygginga i 2007, låna vert betalte som avtalt og lånegjelda har det siste året vorte redusert frå 2,75 mill. til kr 2,42 mill. Låna er sikra med kommunal garanti. Ein jobbar med å få flytta låna over til Sparebanken Møre som er VTI sin generalsponsor.

I løpet av 2012 har likviditeten til laget vore tidvis veldig dårleg. Ein har dei siste par åra gjort ein del oppussing og utbetringar av klubbhus og anlegg, dette har vore finansiert ved at ein har betalt det av eigenkapitalen. Dette har ført til at ein tidvis har dårleg likviditet.

I 2011 hadde VTI fotball inntekter frå spelarsal og cup-kamp, som ein ikkje har hatt i 2012. Samla utgjer spelarsalet og cup-kamp ei inntekt i overkant av kr 250 000,-.

Ein har i løpet av 2012 fått ein kreditt hjå Sparebanken Møre, denne kreditten har ein ikkje teke i bruk i 2012.

Gåva på 1,5 mill. frå Sparebanken Møre og auka treningsavgift for å starte på finansiering av fotballhall, er ført opp i rekneskapen med til saman kr 1,59 mill.

Oppsummert så har Volda TI Fotball ein økonomi som ikkje gir rom for dei store økonomiske utskielsane. Klubben er heilt avhengig av at ein får gjennomført dei planlagde inntekts-gjevande tiltaka i 2013, i tillegg er ein avhengig av å skape nye inntekter for at ein skal klare å nå overskotet som ein har i budsjettet for 2013.

Sponsorar og marknad

Frå 1. januar 2012 og i tre år framover er Sparebanken Møre generalsponsor for VTI fotball. Den nye avtalen er av klart større verdi enn tidlegare og er den mest verdifulle samarbeidsavtalen som er inngått innan idretten i Volda. Ei forklaring på at dette har vorte oppnådd er kombinasjonen av stabilt godt arbeid i laga og at klubben har lukkast med å formidle den store, breie og gode aktiviteten på alle plan i VTI fotball. VTI fotball er ein svært viktig marknadsføringskanal i Volda og klubben er i positiv utvikling. Sponsoravtalen inneheld også ei rekkje element som gjer at VTI fotball vil kunne utvikle seg vidare som organisasjon.

Samarbeidet har fått ein god start, og blant anna fekk alle spelarar i heile klubben i 2012 utdelt heilt nye drakter. Som ei naturleg vidareføring av at vi har fått nye drakter har vi også fått god respons frå andre sponsorar og følgjande sponsorar har status som hovudsponsorar av VTI fotball i denne perioden:

- G-Sport/Umbro
- Scana Volda
- Statoil
- Rema 1000 Volda
- K.A Aurstad

Også desse kontraktane er av større verdi enn dei tidlegare avtalane og går i tillegg over tre år, slik at for dei neste åra er VTI Fotball sikra eit godt fundament for drifta.

Statoil kom inn som hovudsponsor i form av Statoil/Stadionkoppen som gir oss gode inntekter. Statoil er også første bedrifta som har teikna avtale om skiltreklame i den nye fotballhallen.

K.A. Aurstad har m.a. gitt oss ein gunstig transportavtale som gir oss høve til å redusere transportutgiftene vi har på seniorlaga, men vi har ei utfordring i å finne fleire sjåførar til komande sesong.

I løpet av 2012 miste vi avtala vi hadde med Rema 1000 pga konkurs i eit personleg selskap. Den nye kjøpmannen ønskjer ikkje å forlenge avtalen. Dette får konsekvensar for inntektskjelda vår Rema 1000-cup, samt at ryggen på draktene våre er okkupert av ein sponsor vi ikkje lenger har.

Det har vist seg å verte vanskeleg å få inn ein like stor sponsor, så i 2013 vert det eit prøveprosjekt mellom VTI fotball og Ørsta IL om ein felles Kiwi-cup.

Marknadsarbeid er krevjande og mykje må gjerast på dagtid, men krev også ressursar ved at

sponsoravtalar må følgjast opp på mange plan internt i klubben. Det er viktig for klubben sitt renommé at sponsorane våre ser vi syner lojalitet og nyttar tenestene deira. Dette er ein lojalitetskultur vi ønskjer skal synast att i VTI fotball.

Dagleg leiar har jobba med å få til ei marknads/økonomigruppe som kan vere med å bidra i arbeidet med å skaffe meir sponsorinntekter. Denne gruppa har hatt sitt første møte, men ønskjer fleire personar med. Det er greitt å vere fleire i ein forhandlingsituasjon og marknadsarbeidet tek svært mykje av dagleg leiar si tid, noko som går utover andre arbeidsoppgåver.

Denne gruppa blir også viktig i arbeidet med sponsorinntekter til den komande fotballhallen. Det vert ei utfordring å skaffe sponsorar til dette "nyhendet" og samstundes behalde dei eksisterande avtalane på det gamle anlegget.

Inntektsbringande aktivitetar

Innkrevjing av treningsavgift

Frå 1.1.2012 starta vi å bruke systemet 123klubb til klubbdrift, og ca 1.300 personar med tilknytning til VTI fotball er lagt inn i systemet. Treningsavgifta utgjør ca kr 700.000, så det er viktig å ha god struktur på dette arbeidet.

Sal av Statoil-Stadionkopp

Samarbeidet med Statoil i Volda har i 2012 gitt oss til saman 600 Statoilkoppar der alle inntekter av salet går uavkorta til VTI fotball.

Lotteri

Lotteriet vart gjennomført i oktober med krav om å selje ei loddblokk á 20 lodd pr. spelar. Spelarane har gjennomført loddsalet omtrent som forventa og tilført klubben viktige inntekter.

Kleskolleksjon

- Sparebanken Møre-produkt: I samarbeid med Sparebanken Møre vart det kjøpt inn 1000 t-skjorter, 500 hettegenserar og 200 bagar frå Sparebanken Møre sin kolleksjon. Desse har ein trykt *Volda fotball* på. Vi har selt ca. halvparten av denne kolleksjonen i 2012.
- Klubbgenser: I samarbeid med G-sport og andre samarbeidspartar har vi trykt opp 400 «klubbgenserar». Desse tilbydde vi enkeltvis eller i sett med Umbro-bukse. Det var eit tidkrevjande arbeid å få sponsorar til genseren.

Kamparrangement

Styret har vore kamparrangør for dei obligatoriske A-lagskampane for herre- og damelaget. Føresette til 2003-1999 (J og G) har vore billettørar og vakter, medan spelarane på same laga har vore balljenter/-gutar. Damelaget har stilt med kioskpersonell ved herrekampane og omvendt.

Cupar/turneringar og andre sportslege arrangement

Kunstgrasbanene frå 2001 og 2007 har både gitt grunnlag for at VTI fotball kunne

bli verkeleg stor på cup-arrangement på Sunnmøre - samtidig som inntekter frå slike arrangement har vore ein føresetnad for at klubben skal klare å betale for lån og drift på anlegget.

I 2012 hadde vi ny inntektsrekord på både Bendit Cup og Rema 1000 cup. Miljøutvalet med Jon Ove Høydal i spissen gjer ein enormt viktig og god jobb med desse cupane. Dei mange gode tilbakemeldingane frå dei besøkande laga viser at vi driv med god omdømebygging ved å arrangere cupane, og vi gir godt over tusen born flotte idrettsopplevingar.

Rema 1000 Volda Cup vart arrangert 19.-20. mai 2012, er femmar- og sjuartturnering for 7-14 åringar og hadde i år 120 deltakande lag.

Bendit Cup vart arrangert 22.-23. september, er også femmar og sjuartturnering, men berre for 7-12 åringar. Hadde i år 140 deltakande lag og ca 1300 spelarar og vi måtte gjennomføre turneringa på to dagar.

Fotballskulen som vart arrangert 25.-27. juni 2012 hadde ny deltakarrekord med 250 deltakarar mellom 7 og 12 år, og var den største fotballskulen i kretsen. Besøk frå kretsen under fotballskulen var imponerte over det store og flotte arrangementet.

Nytt av året var forsøk med **fotballskule i haustferien** (8.-10. oktober) for 5.-10. klassingar. Noko sein avklaring på om arrangementet skulle bli avholdt eller ikkje gjorde at ein fekk lita tid på å få ut informasjon om fotballskulen, likevel fekk vi over 50 deltakarar. Dei ga gode tilbakemeldingar på arrangementet, og sette pris på det klare læringsfokuset.

Andre sportslege arrangement som vart arrangert av hovudstyret i 2012:

- **Sparebank1 Volda Cup** (20.-21. januar): Venneturnering, innandørs. Til saman 16 lag deltok.
- **Innandørs KM for menn**, innleiiande runder i Voldahallen 19. november 2012. 15 deltakande lag.
- **Tussa cup** i Voldahallen 26. desember, 8 deltakande lag.

Sportsleg aktivitet

Volda fotball er ein av dei største klubbane på Sunnmøre målt etter talet på aktive spelarar og påmelde lag i NFF systemet. Aktiviteten har vore stabilt høg dei siste åra. Treinarane for seniorlaga har deltidsløn for arbeidet sitt, medan treinarane på aldersbestemte nivå er foreldre som tek trenarjobben på dugnad.

Seniorfotballen

2012 vart eit sportsleg svakt år for seniorfotballen i Volda. Etter ein tung sesong måtte A-laget på damesida ta turen ned i 3.divisjon, med 7 poeng opp til ståplass. Det har gjennom året vore knapt med spelarar for å halde i gang to seniorlag på damesida. Det har medført større belastning enn ønskeleg på enkeltspelarar, og har også vanskeleggjort treningskvardagen, særleg for 3.div laget. Det er stadig ei utfordring å halde spelarane i klubben når dei når senioralder, noko som gjeld generelt for kvinnefotballen, men som VTI bør ta sikte på å jobbe målretta med. Kontrakta med hovudtreinar Jens Dankertsen gjekk ut etter sesongen, men etter evalueringsrunder både i spelargruppa og sportsleg utval, var det

eit klart ønske om å forlengje engasjementet. Styret er glade for at Jens har takka ja, og vil fortsette det gode arbeidet for damefotballen i Volda, saman med resten av trenerteamet. Det gror godt i dei yngre laga, og nye spelarar står klare til å ta steget opp på seniornivå.

Herrelaget har også levert ein dårlegare sesong enn forventa. Laget kjempa lenge mot nedrykk, og plassen i divisjonen var ikkje trygg før i siste serierunde. Dette var skuffande, men samtidig er vi letta over at plassen vart sikra, slik sesongen utvikla seg. Også på herresida gjekk kontrakten med hovudtrenar ut. Arild Hagen Bakke har vore involvert i A-laget i mange år, og har til tross for sin unge alder oppnådd mykje godt med laget. Sportsleg utval meinte likevel at det var på tide med nye krefter for å ta laget vidare, og er glade for å ha fått på plass Rikard Vestre som ny a-lagstrenar. Vi trur at Rikard kan tilføre nye impulsar til laget, og løfte klubben tilbake mot toppen av 3.divisjon. Vi er også svært fornøgdde med at vi har fått høve til å gi Arild Bakke ei ny rolle som spelarutviklar i klubben, og trur dette vil vere eit stort steg framover med tanke på strukturering og kvalitetsheving av arbeidet som blir gjort i aldersbestemt fotball i VTI.

Fleire av våre spelarar både på dame- og herresida har vore etterspurte av andre klubbar. På damesida har to spelarar valt å prøve seg i Hødd, for å kunne halde fram med spel i 2.divisjon. På herresida gikk prosessen med tilsetjing av ny trenar seint, og det har nok bidratt til auka uro i spelargruppa. Her har det vore fleire avgangar, men etter at ny trenar har kome på plass, har vi klart å sikre ein del av spelarane som hadde andre tilbod, og jobbar no med å få på plass forsterkingar til troppa.

Nøkkeltal for sportsleg aktivitet i VTI fotball

	2009	2010	2011	2012
Tal påmelde lag	47	47	36	43
Tal aktive aldersbestemt	419	409	469	450
7-12 år gutar	145	153	159	135
7-12 år jenter	91	97	128	94
13-19 år gutar	114	91	103	125
13-19 år jenter	79	78	79	96
Tabellplasseringar				
A-laget, menn, 3. div	7	3	9	11
A-laget, kvinner, 2.div	-	5	4	10
A-laget, kvinner, 3. div.	1	5	6	7
KM-vinnarar	7	2	4	2
Tal merkeprøver	0	108	74	36
Deltakarar på aktivitetsleiarkurs	0	0	0	0

Keepertrening yngres

Vinteren 2012 hadde alle keeperane på aldersbestemte lag tilbod om keepertrening i Voldahallen ein gong i månaden. Våren 2012 var det tilbod om keepertrening ute ein gong i veka. Med dette håper vi at ein ivaretar denne gruppa på ein god måte og lar dei utvikle seg som keeperar - og i neste omgang hindre at spelarar sluttar.

Spelarutvikling

Team Søre er eit felles spelarutviklingstiltak i regi av Hødd og omfattar alle kommunane på Søre Sunnmøre. VTI fotball har i 2012 hatt 12 spelarar med i Team Søre, 8 jenter og 4 gutar.

På oppfordring frå Team Søre har alle fotballklubbane i Volda og Ørsta kommunar saman starta eit opplegg kalla Ekstratrening for 10-12-åringar, både jenter og gutar. Tilsvarende opplegg finst i Hødd/Hareid/Hjørungavåg/Hasund, Bergsøy/Tjørnvåg/Moltu og Larsnes/Gursken. Team Søre vil bruke Ekstratrening til kartlegging av spelarar. Dette er eit betalingstilbod der deltakarane får tilbod om trening kvar søndag heile vinterhalvåret. Treningsbane går på rundgang mellom stadionane til klubbane. Rundt 40 born i alderen 10-12 år melde seg på Ekstratrening i haust, derav 20 jenter frå VTI fotball, men ingen gutar. Ein har prioritert å få kvinnelege trenarar som ivaretek jentene spesielt.

VTI fotball sitt sportslege utval har gjennom hausten 2012 jobba fram ein hospiteringsplan for klubben. Det er ønskeleg at gode spelarar skal få prøve seg på høgre aldersklasser for å kunne utvikle seg vidare, og hospiteringsplanen skal vere retningsgivande for korleis dette skal foregå. Planen er i desse dagar ute til høring blant trenarane, og skal settast i verk snarleg.

Arbeid med dommarar

Henning Skjeret har vore ansvarleg for dommarane i VTI fotball i heile 2012. Ca 30 rekruttar (97.99-modellar) var på kurs våren 2012. 3 av desse var på futsal-dommarkurs. Klubben treng stadig nye dommarar og det er alt for få som tek vidaregåandedommarutdanning.

Trenarutdanning

VTI fotball arrangerte i samarbeid med kretsen *Jentefotballkveld* på klubbhuset i Volda 21. juni 2012. Majoriteten av dei kvinnelege trenarane i klubben vår deltok på denne samlinga ilag med kvinnelege trenarar frå heile kretsen. Jentefotballkvelden inneheldt både ein teoretisk og ein praktisk del. Fokuset var retta mot å få jentene på bana, både i spelar- og trenarrolla. Jenter 2001 var demonstrasjonslag og hadde ei veldig kjekk trening.

Tre kvinnelege trenarar har fått dekt ei kursrekke av klubben.

Samarbeid med andre klubbar

Samarbeidet med Ørsta Fotball har utvikla seg i stor grad i 2012. Ein av grunnane til dette er at begge klubbane har tilsett dagleg leiar og at desse samarbeider godt om fleire tiltak og at dei møtest gjennom felles arrangement i Sunnmøre fotballkrets.

Samarbeidsavtalen med Hovdebygda vart i 2012 vidareført frå 2011 og ein har stilt felleslag i 4. divisjon menn (Hovdebygda/Volda2) og menn junior (Volda/Hovdebygda).

Andre store saker i 2012

Tilsetjing av dagleg leiar

Styret tilsette Åse Leikanger som dagleg leiar i 60 % stilling frå 6. mars, og i 100% stilling frå 1. august. Stillinga var utlyst som ei prosjektstilling i 3 år, med mulegheit for forlenging om økonomien tillet det. Dagleg leiar driv VTI fotball økonomisk og administrativt og har

ansvaret for å følgje opp inngåtte sponsoravtalar og å utvikle nye avtalar. I tillegg jobbar dagleg leiar med å utvikle organisasjonen og følgje opp det frivillige arbeidet.

Styrken med å få ein dagleg leiar er at belastninga på styremedlemmene, spesielt styreleiar, vert betrakteleg mindre, og at det kan vere lettare å rekruttere frivillige til oppgåver når ein har ein tilsett som dreg i trådane. Faren er at dagleg leiar kan «arve» oppgåver etter frivillige som går lei, og at meir og meir av den frivillige innsatsen smuldrar bort. Ein må vere bevisst på at dagleg leiar først og fremst skal utføre oppgåver som ein ikkje fekk gjort tidlegare, eller som er for krevjande for frivillige å gjere.

Fotballhall 2013: Mørehallen

Hallnemnda har dei siste åra vore samansett av Johann Roppen (leiar), Leif Tore Telseth, Jarle Støyle og Asbjørn Moltudal.

Plassering og finansiering av fotballhallen er klar. Hallen skal ligge i forlenginga av KG-A mot Volda sentrum og Per Mulvik AS har laga plan for området der også Skatepark er teikna inn. Området er eigd av Volda kommune og regulert til idrettsføremål. Volda Maskin har brukt området delvis som deponi av tunnelstein og delvis som kjelde for masseuttak til bruk i ferdiggjering av vegane blant anna ved Hjartåberg tunnelen. Kombinasjon av at vi har hatt ein plan for området, kombinert bruk av masse og at vi har venta på framdrifta i Hjartåberg tunnelen sparar prosjektet for beløp i ein storleik av fleire hundre tusen kroner.

Finansieringsplan for Fotballhallen:

Finansiering	Beløp (mill)
Volda kommune (tilskot)	2,0
Sparebanken Møre (gåve)	1,5
VTI Fotball (lån i Sparebanken Møre)	1,5
Spelemidler (lys/grunnarbeid/kunstgras)	1,0
I alt	6,0

Viktige element i finansieringa er at fotballhallen blir bygd av Volda kommune, og kommunen vil få fullt ut refundert mva på prosjektet. Det hadde vore mykje meir komplisert for VTI fotball å få gjennomført og erfaring frå andre prosjekt er at ein ikkje får full refusjon av mva. I praksis vil VTI fotball gje eit investeringstilskot til Volda kommune for at fotballhallen skal bli bygd.

For å vere kvalifisert for spelemidler må fotballhallen omtalast i Volda kommunes idrettsplan. Dette vart teke opp under rulleringa av idrettsplanen i fjor haust og endeleg stadfesta i vedtak i januar 2013. Volda kommune har også lagt om kloakken i området i fjor haust. Generelt sett har Volda kommune vore svært positive til planane for fotballhall og vi ser fram til det vidare samarbeidet no i sluttspurten av prosjektet. Fotballhallen må stå ferdig før vinteren 2013-2014. Vidare framdrift i 2013 handlar om å få godkjenning av prosjektet som spelemiddelprosjekt, gjennomføring av tilbodskonkurranse, byggjesaksbehandling og endeleg oppføring av hallen. VTI fotball vil hjelpe til i dette arbeidet der vi kan, utan at vi kjem i konflikt med blant anna reglar for kommunale tilbod.

Oppussing av klubbhuset

Hovudetasjen i klubbhuset har ikkje vore gjort så mykje med sidan klubbhuset opna for ca 25 år sidan og var overmodent for oppussing. I desember 2011 - januar 2012 bidrog dei eldste laga med over 200 dugnadstimar for å rydde og klargjere storsalen og gangane i hovudetasjen for oppussing i tillegg til at juniorforeldre sette opp nye lister. Veggjar og tak vart sprøytemala og nytt golvbelegg vart lagt på fagmessig vis av Stein Ove Lande. I tillegg vart det kjøpt inn nye lysarmatur i taket og montert opp av Aasebø & Ulvestad med assistanse frå elektrikar i klubben. Med nye gardiner også på plass har klubbhuset fått ei betydeleg oppgradering for nokre av roma, men det er klart at mykje meir arbeid må gjerast i åra som kjem.

Oppussinga har ført til auka leigeinntekter, og vi ser potensiale i å vere litt meir offensive for å få enda fleire leigetakarar.

Klubbhuset er eigd av VTI Allianse men VTI Fotball leiger huset og disponerer til dagleg. Klubben bør sjå på leigeavtalen med VTI Allianse og eventuelt forhandle om ein ny avtale.

Årsfest

I 2012 arrangerte styret fotballfest på Rokken. Ein gjekk breitt ut og inviterte foreldre, supporterar, trenarar, spelarar, supporterar, m.m. Det vart eit flott og kjekt arrangement med ca 100 deltakarar.

Fotballfritidsordning/-akademi

Styret sette i 2012 ned ei gruppe personar som har arbeidd med planar om oppstart av fotballfritidsordning/-akademi. I januar 2013 vart det sendt ut informasjonsskriv til alle aldersbestemtelaga for å kartlegge interessa for eit slikt tilbod og med høve til å gi tilbakemeldingar.

Fair Play

VTI fotball er opptekne av å vere ein Fair Play-klubb. Vi ser at vi har eit stort potensiale til å verte gode på dette og vi er glade for å ha på plass ein eigen Fair Play-ansvarleg i klubben; Linda Breivik, frå januar 2013. I 2012 har dagleg leiar tatt del i dei arrangementa som har vore på krets nivå. Lokalt gjennomfører vi dei obligatoriske helsingane før og etter kamp. I tillegg arbeider trenarar og støtteapparat kontinuerlig med å skape gode haldningar i laga og mot medspelarar/motspelarar/dommarar.

På Årsfesten 2012 innførte vi ein ny pris: "Årets Fair Play-pris". Vi bad alle seniorlaga/trenarane om å nominere ein person eller ei oppleving som oppfylte kriteria til FairPlay-standardane. Dette gjorde at dei måtte reflektere over eigne og andre sine haldningar, og vinnaren av prisen fekk ei grundig grunngjeving frå spelargruppa.

Anlegg

Vi har ikkje hatt banemeister i heile 2012. Dette er heldigvis på plass i 2013. Anleggsnemnda har hatt mykje å gjere, spesielt sidan orkanen Dagmar herja med ein del av utstyret vårt som vert lagra ute om vinteren. Elles har ein gjort vanleg vedlikehald som krevst for å halde anlegget ope. B-bana er utsliten og treng nytt dekke så snart som muleg.

Representasjon

VTI Fotball har vore representert blant anna i følgjande samanhengar:

- Volda Idrettsråd: Leif Tore Telseth (vara: Johann Roppen)
- VTI Allianse – valnemnd: Vibeke Vigestad Berge

- Kontaktgruppe Toppidrett Fotball ved Volda v.g.: Johann Roppen
- Samarbeid Team Søre: Åse Leikanger
- Kretsting i SFK: Åse Leikanger

Volda, 11. februar 2013

Vibeke Vigestad Berge
styreleiar

Lars-Ove Hammer
nestleiar og økonomileiar

Ola Bjørneset
styremedlem

Torstein Woldsund
Styremedlem

Tore Sørheim
sportsleg leiar

Silje Strømme
styremedlem

Gard Glomnes
Styremedlem

John-Ove Høydal
vara

Njål Sætre
vara